



Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2520 - 17/33254

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

23.11.2017

## Møtebok frå møte i FAU 24.10.17

### Desse møtte:

Carlos

Susanne

Jostein

Arne

### Sak 9 / 2017 - 18: Godkjenning av innkalling og sakliste

**Sakførebuing:** Innkalling og sakliste vart send på mail og varsla pr. sms.

**Framlegg til vedtak:** Innkalling og sakliste vert godkjende.

**Dette skjedde i møtet:**

**Vedtak:** Innkalling og sakliste er godkjende slik dei ligg føre

### Sak 10 / 2017 - 18: Temakveld I : 09.11. obligatorisk for elevane. Fri 11.mai.

**Saksførebuing:** Susanne hadde kontakta Jan Spurkeland til å halde foredrag om relasjonar mellom folk - elevar - lærarar - foreldre. Det hadde lukkast å få han til 09.11. kl. 1900 - 2100.

**Framlegg til vedtak:**

**Dette skjedde i møtet:** FAU planla kvelden og fordelte arbeidsoppgåver.

- a. Skulen riggar til gymsalen med lyd og lys, stolar
- b. FAU tek seg av innkjøp og servering av kaffi, te og frukt
- c. Carlos skaffar blomst til å takke av Jan og står for avslutninga..
- d. FAU skjærer frukt/ Koker kaffi: kl. 1730 -1800

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



### **Sak 11 / 2017-18: Temakveld II**

**Saksførebuing:** FAU har i årshjulet sitt sett opp to temakveldar

**Framlegg til vedtak:** -

**Dette skjedde i møtet:** FAU rådslo om kva tema og kven som kunne opplyse foreldra om eit interessant tema og lanserte følgjande personar:

- Anne Nygård til å presentere Ungdata ei undersøking mellom unge i Lindås
- Ingrid Lund: Om å høyre til
- Noko som er meir lystbetont
- Inkludering - også her?

**Vedtak:** FAU tenker på saka til neste møte og tek sikte på å arrangere denne temakvelden i februar.

### **Sak 12 / 2017 - 18: Klassekontaktar**

**Saksførebuing:** Det skal veljast to klassekontaktar mellom foreldra til elevane. 10.kl klarte ikkje dette på valmøtet i august. Sidan dess har 10A fått Randi Senneset til klassekontakt. 10B manglar framleis ein.

**Framlegg til vedtak:** Klassane må ha to klassekontaktakt i høve arbeidet som skal utførast.

**Dette skjedde i møtet:** FAU drøfta saka.

**Vedtak:** FAU ber Stian og Per Bjarne jobbe med saka for å få ein forelder til å stille.

### **Sak 13 / 2017 - 18: Arbeidsplanar**

**Saksførebuing:** Klassane skal til vanleg ha ein meir detaljert arbeidsplan for ein kortare periode ofte kalla vekeplan. Det er ikkje uvanleg at planen vert delt ut på måndag. Utfordringa med det er at elevar som vil og har behov for å planlegge tida si, ikkje kan nytte helga til å kome på offensiven med arbeidet sitt.

**Framlegg til vedtak:** -

**Dette skjedde i møtet:** FAU drøfta praksis og etterlyser ein eins praksis og auka tilgjenge til planar også i helg.

**Vedtak:** FAU oppmodar lærarane til å ha god samordning med prøver og timing for når arbeidsplanen skal ut og mengda arbeid.

### **Sak 14/ 2017 - 18: Korleis gjere OUS meir attraktiv.**

**Saksførebuing:** FAU er merksam på at elevar som etter kommunalt vedtak soknar til Ostereidet ungdomsskulekrins, reiser til Knarvik ungdomsskule eller

Danielsens skole i Meland: Dette fordi det etter søknad er fritt skuleval for elevar på Leiknes skule og fordi Knarvik er nærskulen for mange.

**Framlegg til vedtak:** -

**Dette skjedde i møtet:** FAU drøfta saka.

**Vedtak:** FAU vil arbeide for å

- halde saka varm i KFU og jobbe gjennom SU / SMU for å fordele elevane betre og unngå at Ostereidet vert ein «elevatorskule».
- be skulen arbeide for at elevskyssen vert utgreidd med sikte på å få ein meir direktebusstransport frå Leiknes til Ostereidet t/r for å stimulere Leiknes til å nytte Ostereidet U.

### **Sak 15 / 2017 - 18: Oppdatert telefonliste**

**Saksførebuing:** FAU- medlemmene kan ha bruk for ei oppdatert telefonliste til å gjere jobbar for skulesamfunnet.

**Framlegg til vedtak:** -

**Dette skjedde i møtet:** FAU drøfta saka.

**Vedtak:** FAU ber om å få oppdaterte telefonlister for klassane sine

### **Sak 16 / 2017 - 18:**

**Saksførebuing:** FAU har bruk for ein fast møtedag

**Framlegg til vedtak:** -

**Dette skjedde i møtet:** Dei fleste stemte for tysdag

**Vedtak:** Tysdag vert møtedag og neste møte vert tysdag 21.11.17

Med helsing

Arne Johannes Riisnes  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Medlemer og varamedlemer